

# PÅMELDING TIL KONFIRMANTÅRET 2024-2025 SANDEID, VIKEDAL, IMSLAND



Påmeldinga skjer i to omgangar:

- 1: Påmelding på heimesida** vår [www.vindafjord.kyrkjer.no](http://www.vindafjord.kyrkjer.no) med informasjon om m.a:  
Namn konfirmant, adresse, mobilnr og evt. epost, allergiar  
Namn føresette, adresse, tlf/mobil og epostadresse til desse  
Val av gruppe

Denne informasjonen vil vera tilgjengeleg for alle tilsette som treng kontaktinformasjon.

**NB! Me brukar i hovudsak appen SPOND for kommunikasjon til heile gruppa, men også e-post og sms til den einskilde konfirmant/føresatt i løpet av konfirmanttida.**

**Nettpåmelding opnar 1. juni 2024. Påmeldingsfrist 21. juni 2024**

## 2: Utfyllande informasjon på dette skjema – avtale for konfirmanttida

**Ta med dette skjemaet til innskrivinga i Vikedal kyrkje 4. juni kl. 17.00 (av omsyn til personvernet).** Skjemaet blir lagra innelåst og makulert når konfirmanttida er over. Ta gjerne bilde av utfylt skjema for eigen informasjon før du leverer det frå deg ;-)

Namn konfirmant:.....

Mobilnr. .... Mobilnr til minst ein av dei føresette:.....

Interesser:.....

Spelar du noko instrument?.....

Er der sjukdom, sosiale problem eller andre ting som me bør ta omsyn til eller vita om?  
(Opplysningane er underlagt teieplikt.)

.....

.....

.....

Me ynskjer samtale om tilrettelegging eller utfyllande informasjon (kryss av om ønskjeleg)

### Konfirmasjonsdatoar:

Sandeid kyrkje      laurdag 3.april 2025  
Vikedal kyrkje      laurdag 10.mai 2025  
Imsland kyrkje      laurdag 10.mai 2025

**(NB: Fyll ut baksida også!)**

## Foreldrehjelp:

Me treng hjelp av foreldre/føresette for å få til ei best muleg konfirmanttid.

Kan de hjelpe til med noko av dette? (set kryss – gjerne fleire☺, så tar me kontakt)

- Lage til mat som me kan ha i pausen på ei av konfirmantsamlingane i løpet av året (t.d. boller, fruktfat, påsmurte rundstk/sjever, vaflar, skuffekake.. som de sender med konfirmanten)
- Ha 2 samlingar i heimen i løpet av året med ca 5 konfirmantar med film, samtaler og sosialt + litt mat
- Sjåfør for eigen konfirmant på innsamlingsdagen for Kirkens Nødhjelp (7. el. 8.april 2025)
- Me som føresette kan gjerne bli spurt om hjelp til andre ting.

## Kunngjering av namnelister:

Det er vanleg å senda liste med namna på konfirmantane til kyrkjebladet Hyrdingen, Grannar, Hgsd Avis og lokale nettsider før konfirmasjonen. Gruppebilete av alle konfirmantane står også på trykk i Hyrdingen etter konfirmasjonen. Dette kan me berre gjera dersom konfirmanten og føresette har gitt skriftleg samtykke:

- Ja**, det er OK å offentliggjera namn og bilete av konfirmanten i lokalpressa og på lokale nettsider i samband med konfirmasjonsgudstenesta.
- Nei**, me ønskjer **ikkje** i at namnet til konfirmanten vert offentliggjort.

## Facebook/Heimeside:

Me brukar sidene våre (FB: Kyrkja i VIS + [www.vindafjord.kyrkjer.no](http://www.vindafjord.kyrkjer.no)) til å informera om aktivitetane våre. Det er fint å kunna leggja ut bilete av konfirmantar av og til, og då må me ha løyve til det.

- Ja**, det er ok at bilete og namn på konfirmanten blir lagt på ovanstående facebook-side og nettside.
- Nei**, me ønskjer **ikkje** at bilete og namn på konfirmanten blir lagt på ovanstående facebook-side og nettside.

## Avtale:

Av tilsette og konfirmantleiarar i kyrkjelyden kan de vente at:

- Me bryr oss om konfirmantane
- Me gjer vårt beste for at konfirmanttida skal vera lærerik og minneverdig
- Me – saman med konfirmantane – lagar god undervisning og aktivitetar
- Me sender ut informasjon i god tid
- Me svarar på e-post og telefon innan rimeleg tid

Av konfirmanten ventar me at:

- Du deltek på samlingane med undervisning og aktivitetar
- Du deltek på minst 8 gudstenester i løpet av konfirmanttida
- Du møter presis og har med bibel eller anna naudsynt utstyr
- Du melder frå når du er forhindra frå å kome, og tek igjen fråvær etter avtale med konfirmantleiararen dersom naudsynt

Av føresette ventar me at:

- De følgjer opp og støttar konfirmanten
- De sender melding til konfirmantleiararen på førehand dersom konfirmanten er nøydd til å vere borte frå ein del av opplegget
- De tek opp problem som måtte oppstå med ansvarleg leiar

Følg gjerne konfirmantane til gudstenestene ☺

*Eg (konfirmanten)ynskjer å ta del i konfirmantundervisninga og vil gjera mitt beste til at alle får ei god konfirmanttid.*

Dato: .....

Underskrift konfirmant

.....

Underskrift føresett

(gjeld offentliggjering av namn og bilete)

Dersom du ikkje kan koma til innskrivinga 12. juni, så send skjemaet til:

Kateketen, Ølen kyrkjekontor, Rådhusplassen 1, 5580 Ølen

Eller e-post: [britt.karstensen@vindafjord.kommune.no](mailto:britt.karstensen@vindafjord.kommune.no) innan 21.juni 2024

# Velkommen som konfirmant!!